



Behandling av klage - 25/21292 121/1 - Koldal 83 - Frådeling

Saksbehandlar:
Jannicke Smith

Arkivsaksnr.:
25/21292

JournalpostID:
26/76619

Saksnr:	Utval: Plan-, bygg- og miljøutvalet	Dato:
----------------	---	--------------

Kommunedirektøren sitt forslag til vedtak:

Plan- bygg- og miljøutvalet stadfestar vedtak om avslag på søknad om dispensasjon frå arealbruksføremålet LNF, for frådeling av parsell med påståande bustad på gbnr. 121/1, vedtak datert 12.06.26, delegasjonssak nr: 547/2026.

Klagen blir ikkje tatt til følge.

Utvalet meiner vurderinga av dispensasjonen var tilstrekkeleg opplyst og riktig vurdert. Det har ikkje kome fram nye opplysningar i klagen som endrar dei vurderingane administrasjonen gjorde då saka blei behandla.

Klagen blir sendt til Statsforvaltaren i Vestland for behandling.

Bjørnafjorden, den 10.08.2026

Arild McClellan Steine
Kommunedirektør

Samandrag:

Saka gjeld klage på avslag på søknad om frådeling av ein parsell med påståande bustadhus. Delegasjonssak nr: 547/2026, av 12.06.26. Bustaden er den einaste på gbnr. 121/1, men eigendomen er ein del av eit større bruk og det er fleire hus på bruket til saman. Det er søkt om frådeling for å frigjere kapital til å investere i drifta på garden.

Eigendomen er regulert, og søknaden krev dispensasjon frå arealbruksføreåret LNF, jf. pbl. § 19-2. Statsforvaltaren i Vestland har uttalt seg slik at tiltaket synast å vere i mogeleg konflikt med nasjonale omsyn og i strid med arealbruksføreåret. Dei ber om at kommunen gjer grundige vurderingar, særleg av dei landbruksfaglege omsyna. Bjørnafjorden landbrukskontor har i vedtak av 05.05.26, gjeve avslag på søknad om deling etter jordlova.

Administrasjonen har vurdert at vilkåra for å gje dispensasjon frå arealbruksføreåret LNF ikkje er oppfylt. Vi kan ikkje sjå at det har kome frem nye moment i klagen som endrar denne vurderinga. Det er vist til økonomi som grunngeving for søknaden. Dette er argument av meir personleg karakter, som ikkje kan tilleggas avgjerande vekt ved vurderinga.

Administrasjonen held fast på å gje avslag på søknaden.

Konsekvensar av vedtaket

Økonomisk: Ikkje vurdert.

Klima: Ikkje vurdert.

Areal: Ikkje anna det som går frem av vedtaket.

Tilgjengelegheit for alle: Ikkje vurdert.

Folkehelse: Ikkje aktuelt.

ROS/samfunnstryggleik og beredskap: Ikkje vurdert.

Saksutgreiing:

Sjå vedlagt saksutgreiing.